

GISKE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

26.03.2013

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag 08.04.2013 kl. 13.00
på Giske rådhus**

SAKLISTE:

Sak 07/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 21 mars 2013

Sak 08/13 - Sluttavtale med rådmannen

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 21.03.2013 kl. 12.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Arnfinn Rune Giske, og Harald Hole
= 4 voterande

Ruth Roald hadde forfall.

Varamedlem kunne ikkje møte.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 01/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 11. DESEMBER 2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 11. desember 2012 blir godkjent.

SAK 02/13

GJENNOMGANG AV MØTEBØKER

Saksdokument datert 15.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Det vart ikkje teke opp saker under denne saka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 03/13**OPPFØLGING AV SAK 21/12 PLEIEFAKTOR OG TILSYNSLEGEORDNING I DET NYE OMSORGSENTERET PÅ VALDERØYA**

Saksdokument datert 15.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Konstituert kommunalsjef Hildegunn Nessel Roald orienterte om framdrifta i saka. Ho opplyste at saka no blir lagt fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har saka til observasjon.

SAK 04/13**ORIENTERING OM REGELENDRINGAR**

Saksdokument datert 15.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 05/13**SAKER UNDERVEGS OG PRIORITERINGAR I 2013 (DRØFTING)**

Saka vart ikkje behandla.

SAK 06/13**SLUTTAVTALE MED RÅDMANNEN**

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Temaet blir å behandle i møte 8. april 2013

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
nestleiar
(sign.)

Arnfinn Rune Giske
medlem
(sign.)

Harald Hole
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Giske kommune

Dato: 26.03.2013

**SAK 08/13
SLUTTAVTALE MED RÅDMANNEN**

Det blir vist til protokoll signert 28.01.2013 og vedtak i formannskapet 11.02.2013, sak 018/13.

I sak 06/13 i kontrollutvalet sitt møte 21.03.2013 gjorde kontrollutvalet vedtak om å få seg førelagt ei sak om ovannemnte tema til neste møte, 08.04.2013. Saka kom opp under eventuelt.

Under drøftingane vart det reist spørsmål omkring ulike tema som kontrollutvalet ønska ei nærmare avklaring av:

Saksbehandlinga

Under dette punktet var heimelen for å opprette nye stillingar drøfta, jf. kommunelova § 24 nr. 1 som angir at kommunestyret kan tildele formannskapet, utval, eller administrasjonssjefen mynde til å opprette og leggje ned stillingar og til å treffe avgjersle i personalsaker. Denne fullmakta må også bli vurdert opp i mot delegeringsreglementet for Giske kommune.

I høve til delegering var kontrollutvalet også oppteken av kommunelova si avgrensing mot delegering av saker som er av prinsipiell karakter og kva økonomiske konsekvensar vedtaket ville ha.

Kommunelova gir ei avgrensing mot delegering av saker som er av prinsipiell karakter. Det å auke sluttlønn til tilsette vesentleg, kort tid før den tilsette går ut av stillinga, reiser spørsmålet om det er av prinsipiell art. Eit slikt prinsipp kan vere retningsgivande for dei generelle lønnsforhandlingane for tilsette i Giske kommune.

I Hovudtariffavtalen om lokale forhandlingar etter kap. 3.4 og kap. 5 viser KS til at følgjande er nedfelt i meklaren si møtebok pkt. IV Til protokoll, bokstav j:

I forbindelse med vurdering av lederlønninger har arbeidsgiver ansvar for å påse at lønnsfastsettelse gjennomføres innenfor en økonomisk ramme som blant annet tar hensyn til kommuneøkonomien og baseres på resultatene fra tariffområdet for øvrig. I den aktuelle økonomiske situasjonen er det særskilt viktig at arbeidsgiver vektlegger dette. Det legges til grunn at det over tid må være en balanse i lønnsveksten i de ulike lønnskapitlene i HTA.

Den allmenne tilliten

I forhold til å sikre den allmenne tillit vart kommunen sine etiske retningsliner og Offentleglova drøfta.

Offentleglova § 1 angir at kommunen skal vere open og gjennomsiktig, for slik å styrke informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltaginga, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta.

Nyleg vedtekne etiske retningslinjer skal gi retning om kva for standard Giske kommune legg til grunn når det gjeld det å *drive etisk forsvarleg* og å *ta samfunnsansvar*. Det går fram at *ein god etisk praksis handlar om å stå inne for det ein gjer*. To spørsmål som retningslinjene stiller er: *Toler det innsyn?* og *Korleis vil handteringen av ei sak ta seg ut i media?* Retningslinjene peikar også på det ansvaret som dei leiande har, *fordi dei er førebilete og det dei gjer og seier har stor innverknad på kultur og arbeidsmiljø*.

På bakgrunn av ovenståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet viser til protokoll av 28.01.2013 mellom Giske kommune og rådmann om sluttlonn som rådmann og retrettstilling. Protokollen vart godkjent av formannskapet i møte 11.02.2013, sak 018/13.

Kontrollutvalet vil be formannskapet v/ordførar om å gjere greie for sakshandsaminga som ligg til grunn for formannskapet si godkjenning av protokollen. Særleg ønskjer kontrollutvalet at utgreiinga legg vekt på kva for vurderingar som formannskapet har gjort med omsyn til:

- Heimel for å opprette nye stillingar
- Om saka er av prinsipiell karakter
- Sikre den allmenne tilliten

Om formannskapet har lagt til grunn at det er ein vanleg praksis å auke lønna til ein rådmann vesentleg ved ein frivillig avgang, vil kontrollutvalet be om at den blir dokumentert.

Kontrollutvalet vil avslutningsvis be formannskapet v/ordførar om gjere greie for dei økonomiske konsekvensane vedtaket har for Giske kommune.

Harald Rogne
dagleg leiar